



*Sandøy kommune har ca. 1250 innbyggjarar fordelt på 6 øyar, der Harøy er den største, med Steinshamn som kommunesenter. Kommune har om lag 170 tilsette (130 årsverk). Tenester er lokalisert i Sandøytunet. Fokus er tenester der folk bur, og at vi har ein god plass å bu, arbeide og besøke.*

*Sandøy har gjort vedtak om å danne nye Ålesund kommune saman med Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund frå 1.1.2020.*

*I 2022 er fastlandssambandet Nordøyvegen forventa ferdigstilt, og Harøy og Finnøy får fastlandssamband.*

## **Helse og omsorgstenesta har ledig nyoppretta stilling som psykolog/psykologspesialist**

### 2. gongs utlysing

**Kort om stillinga:** Sandøy kommune søker psykolog/psykologspesialist (til helsestasjon- og skulehelsetenesta,) i inntil 100 % stilling.

**Beskriving:** Sandøy kommune søker psykolog/psykologspesialist i inntil 100% stilling. Stillinga er knytt til Helsestasjons- og skulehelsetenesta og skal styrkje kommunen sitt psykiske helsearbeid retta mot, barn/unge og deira familiar. Dette omfattar systemretta, førebyggjande og behandlande nivå. Tenester som arbeider med barn og unge vil vere naturlege samarbeidspartar for tilsett psykolog. Helsestasjonstenesta er frå hausten 2018 samlokalisert i Sandøytunet. I Sandøytunet på Steinshamn vil PPT, helsesøster, jordmor, tannhelse, pleie og omsorg, legetenester, psykisk helsearbeidar, og samfunnsfunksjonar med meir ha lokale. Sandøytunet ligg ca. 1 km frå tenester innan oppvekst og kultur, her barnehage, skule m.m. Sandøy kommune har delteke i satsinga Mission possible med fokus på barn og unge- psykisk helse. Det er frå 2017 starta opp eit folkehelseprosjekt « kva er viktig for oss» med fokus på barn og unge og foreldrerolla og det er ønskeleg at psykologen bidreg/ deltek i dette arbeidet.

**Arbeidsoppgåver:** Psykologen skal gi lågterskel tilbod til gravide, barn/unge og deira familiar. Rettleiing av tilsette, gjensidig kompetanseheving og tverrfaglig samarbeid vil være sentralt.

**Kvalifikasjonar:** Psykolog/psykologspesialist. Må snakke og skrive godt norsk.

**Personlege eigenskapar:** Vi søker etter ein medarbeidar som er engasjert, faglig oppdatert, sjølvstendig og med gode samarbeidsevner. Du som søker må være interessert i førebyggjande helsearbeid og engasjert i korleis tidlig helsehjelp kan nå målgruppa. Vi ønskjer ein medarbeidar som er ansvarsfull og bidreg positivt i arbeidsmiljøet. Personlig eignaheit vert vektlagt. Det er ønskeleg med erfaring frå liknande eller anna relevant arbeid.

**Vi tilbyr:** Eit motivert faglig miljø med spennande og varierte arbeidsoppgåver. Der vi arbeider for at kommune skal være: God plass å bu, arbeide og besøke.

Kommunepsykologen vil ha samarbeid med fagmiljøet i Ålesund, og kan delvis ha arbeidsstad i Ålesund.

Sandøy kommune vil frå 2020 vere kommunedel av Ålesund kommune.

**Lønnsvilkår:** Etter gjeldande regulativ.

**Anna:** Det er krav om politiattest før tilsetjing kan gjennomførast, jf. Helsepersonellovens §20

Informasjon om søknad på utleigebustader finn du her:

<http://www.sandoy.kommune.no/bustadkontor.396127.nn.html>

**Frist for å søkje er sett til 1.2.2019.**

**Søknad sendast til:**

Sandøy kommune  
Steinshamnvegen 112  
6487 Harøy

[post@sandoy.kommune.no](mailto:post@sandoy.kommune.no)

**Kontaktperson:**

Ann Kristin Røyset  
Einingsleiar helse- og omsorgstenester  
Mobil. 922 67 952